



Borlaug Kjøtt
Mongstadvegen 667
5955 Lindås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3120 - 23/29643

Saksbehandlar:
Marie Victoria Rekdal Skogrand
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:
19.04.2023

Varsel om dokumentkontroll etter søknad om produksjons- og avløysartilskot i jordbruket 2023

Alver kommune v/landbrukskontoret visar til føretaket sin søknad om produksjons -og avløysartilskot i jordbruket i mars 2023.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2023/10 punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, **og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.**

Føretaket ditt er trekt ut grunna feil ved den maskinelle kontrollen av **storfe** knytt mot husdyrregisteret der søknadsopplysningar vert kontrollert mot registreringar i husdyrregisteret. Det kan vera fleire grunnar til avvik mellom opplysningar i søknaden og våre rapportar frå husdyrregisteret. Me vil difor foreta ein kontroll.

Kontrollen skal gjennomførast som dokumentkontroll. Då bed me om at de sender inn kopi av naudsyste dokument til kommunen for kontroll.

Dokument som kan godkjennast er utskrift frå husdyrkontrollen/ storfekjøttkontrollen som syner alle dyr i besetninga per 1.mars 2023 (individliste datert 1.mars 2023 eller rapport «Produksjonstilskudd – grunnlag for utfylling av skjema for produksjonstilskudd»)

Kontrollen vil omhandla:

- **Ammekyr og øvrige storfe som føretaket disponerte på teljedato 1.mars som er registrert i husdyrregisteret.**

Bed om at naudsynt dokumentasjon vert sendt til Alver kommune, Postboks 4 5906 Frekhaug eller på e-post til post@alver.kommune.no innan onsdag 10. Mai 2023.

Merk dokumentasjon med saksnummer 23/3120

Du har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå du mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen, kan du kontakte underteikna eller dei andre på landbrukskontoret.

Tlf innbyggjarservice: 56 37 50 00

Kontakt sakshandsamar: marie.skogrand@alver.kommune.no, Tlf: 45330183

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Marie Victoria Rekdal Skogrand
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Borlaug Kjøtt

Mongstadvegen 667

5955 Lindås